

Møtereferat

Dato: 13.05.2016

Emne:	Referat frå møte i sentralt AKAN-utval 19.02.2016		
Til stades:	Bård Sandal, leiar Helene Systad, arbeidsgivarrepr. Rune Stadsnes, arbeidstakarrepr. Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod Frode Mannsåker, sekretær		
Forfall:	Gro Altenau, bedriftslege, Bedriftshelsetenesta Mariann Leganger, arbeidstakarrepr.	Sak: 2014/193-23	
Møtetid:	19. februar 2016 kl. 13 - 15	Møtestad: Kontoret til Bård Sandal	

Møteleiar: Bård Sandal
Referent: Frode Mannsåker

Sak nr.		Ansvar	Frist
1/16	Referat frå møtet 08.12.2015 Referatet var sendt på førehand, og vart godkjent.	FM	
2/16	Årsmelding 2015 Framlegg til årsmelding var sendt ut med innkallinga, og var gjennomgått i møtet. Det kom ønske om meir detaljert rapport frå BHT i framtida, der det kan gå fram både tal saker med formell advarsel og tal uformelle kontaktar og rådgiving. I denne årsmeldinga bør det kome eit eksakt tal frå BHT. Med denne merknaden var årsmeldinga godkjent for oversending til HAMU. Sekretæren lagar ferdig årsmelding og oversender til HAMU.	FM	01.03
3/16	Handlingsplan 2016 Framlegg til plan var sendt ut med innkallinga. Endringar: Sak om plakatmal vert fjerna. Sjekkliste for lokalt AKAN-arbeid: Jorunn lagar utkast saman med Helene Med desse og nokre mindre justeringar vart handlingsplan godkjent. Sekretæren lagar ferdig plan og oversender til HAMU.	JBJ FM	20.04 01.03
4/16	Vinlotteri på arbeidsplassen – skal AKAN-utvalet meine noko? Frode hadde sjekka med AKAN kompetansesenter: Vinlotteri er lovleg dersom det er del av eit sosialt arrangement på arbeidsplass eller i små private foreiningar. AKAN har ikkje ei bastant tilråding for eller mot, men rår til diskusjon på arbeidsplassen og evt. alkoholfrie alternativ til gevinst. Utvalsmedlemmene hadde noko ulikt syn på kva for posisjon sentralt AKAN-utval skal ha i dette spørsmålet. Ein vart samde om at spørsmålet bør drøftast lokalt på tenestestadene. Konklusjon: Sentralt AKAN-utval kjem ikkje med ein konkret tilråding for eller mot vinlotteri. Spørsmål om vinlotteri bør inngå i det diskusjonsopplegget som skal gå ut til einingane, jf. handlingsplanen.		

